WESTERN NORWAY RESEARCH INSTITUTE
VESTLANDSFORSKING
www.vestforsk.no

Vestlandsforsking-rapport nr. 9/2011

Begrepsapparat for reiselivet

Forslag til utvikling av ei felles ”ordliste” for reiselivet

Svein Ølnes og Nils Arne Hove

Vestlandsforsking, Pb 163, 6851 Sogndal • Tlf.: 57 67 61 50 • Faks: 57 67 61 90

Vestlandsforsking-rapport

Tittel Begrepsapparat for reiselivet	**Rapportnummer** 9/2011 **Dato** februar 2011 **Gradering** Open
Prosjekttittel Begrepsapparat for reiselivet – Forslag til utvikling av felles ”ordliste” for reiselivet	**Tal sider** : 25 + 21 **Prosjektnr.** : 6200
Forskar(ar) Svein Ølnes (prosjektleiar) Nils Arne Hove	**Prosjektansvarleg** Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgivar NCE Tourism VisitNorway	**Emneord** reiseliv begrepsapparat emneord

Samandrag

I denne forprosjektrapporten er det skissert forslag til utvikling av eit felles begrepsapparat med utgangspunkt i tellUs sine eksisterande kategoriar. Begrepsapparatet omfattar den **tematiske** delen av reiselivsinformasjonen, ikkje andre dimensjonar som t.d. geografi, tid m.m.

Forslaget byggjer på å erstatta dagens hierarkiske kategorisystem med **emneord**. Hierarkiet vil ikkje bli borte, men det er emneorda som vil stå i sentrum, den tematiske strukturen over emneorda er sekundær. Til emneorda føreslår vi å kopla **hjelpeord** for lettare å navigera seg fram til korrekt emneord. Hjelpeorda vil vera til hjelp både for dei som legg inn informasjon, og for sluttbrukarane i søkesamanheng.

Vi føreslår vidare at emneorda blir publiserte i ”nett-skya”, lett tilgjengeleg for alle som vil bruka dei. Emneorda må kontrollerast og ha eit system for jamleg vedlikehald (= kontrollert vokabular), medan hjelpeorda er friare og bør kunna leggjast til av alle som ønskjer det.

Dette blir det første, viktige steget i ei utvikling mot *lenka data* (*Linked Data*). Men for å realisera lenka data, må også informasjonsressursane emneorda blir knytte opp mot, publiserast ope. Det blir ei naturleg vidareføring når det kontrollerte vokabularet er på plass. Til saman vil dette bli viktige byggjesteinar i etableringa av eit digitalt **økosystem for reiselivet**.

ISBN: 978-82-428-0309-2	Pris:

Forord

På eit møte i 2010 mellom sentrale reiselivsaktørar i Norge, vart det bestemt at det skulle setjast i gang eit arbeid for å rydda i dagens begrepsapparat i reiselivet. Initiativet kom frå NCE Tourism og motivasjonen var eit ønskje om å skapa eit økosystem for digital reiselivsinformasjon der også informasjon frå andre kjelder enn dei "offisielle" frå reiselivet også kan integrerast på ein enklare måte.

Vestlandsforsking fekk i oppdrag å utføra eit forprosjekt og komma med tilrådingar til utviking av eit felles begrepsapparat. Vi takkar NCE Tourism og VisitNorway for oppdraget og håpar at forslaga som er skisserte i denne rapporten vil bli gjennomførte.

Vestlandsforsking, februar 2011

Innhald

Samandrag

Dette er ikkje første gangen det blir gjort forsøk på å etablera eit felles begrepsapparat for reiselivet, og det blir kanskje ikkje den siste heller. Det er ein vanskeleg jobb å setja namn på ting, og endå vanskelegare når det er fleire uavhengige aktørar med i biletet. Likevel er det ein nødvendig del dersom ein skal oppnå betre integrasjon og lettare informasjonsutveksling.

I denne forprosjektrapporten er det skissert forslag til utvikling av eit felles begrepsapparat med utgangspunkt i tellUs sine eksisterande kategoriar. Begrepsapparatet omfattar den **tematiske** delen av reiselivsinformasjonen, ikkje andre dimensjonar som t.d. geografi, tid m.m.

Forslaget byggjer på å erstatta dagens hierarkiske kategorisystem med **emneord**. Hierarkiet vil ikkje bli borte, men det er emneorda som vil stå i sentrum, den tematiske strukturen over emneorda er sekundær. Til emneorda føreslår vi å kopla **hjelpeord** for lettare å navigera seg fram til korrekt emneord. Hjelpeorda vil vera til hjelp både for dei som legg inn informasjon, og for sluttbrukarane i søkesamanheng.

Denne måten å ordna begrep på, er prøvd ut i andre prosjekt, på andre område. Mest nærliggjande er kategoriseringssystemet *Los*, eit system for kategorisering av offentlege tenester. Det er eit system eigd av Difi, og brukt i bortimot 150 kommunar for å binda saman nær-slekta informasjonsressursar. Det viser at metoden duger i praksis, og er skalerbar (handterer ein aukande brukararmasse).

Vi føreslår vidare at emneorda blir publiserte i "nett-skya", lett tilgjengeleg for alle som vil bruka dei. Emneorda må kontrollerast og ha eit system for jamleg vedlikehald (= kontrollert vokabular), medan hjelpeorda er friare og bør kunna leggjast til av alle som ønskjer det.

Dette blir det første, viktige steget i ei utvikling mot *lenka data* (*Linked Data*). Men for å realisera lenka data, må også informasjonsressursane emneorda blir knytte opp mot, publiserast ope. Det blir ei naturleg vidareføring når det kontrollerte vokabularet er på plass.

Til saman vil dette bli viktige byggjesteinar i etableringa av eit digitalt **økosystem for reiselivet**. Ved hjelp av byggjesteinane omtalte ovanfor, skal tredjeparts-aktørar lettare kunna utvikla nye system (applikasjoanr, nettsider) for reiselivet og lettare kunna integrera reiselivsinformasjon med tilgrensande informasjon (kulturbasert informasjon, brukargenerert informasjon m.m.).

Vi tilrår at det vidare arbeidet blir drive av **tellUs** i tett samarbeid med reiselivsaktørar som VisitNorway, FjordNorway/NCE Tourism, Visit Sognefjord, Book Norway m. fl. Arbeidet bør integrerast i alt igangsette prosjekt som tellUs' Skattefunn-prosjekt, og eventuelt prosjektet CREAPURE om det blir finansiert av Noregs Forskingsråd.

1. Bakgrunn og mandat

Etter initiativ frå FjordNorge/NCE Tourism v/Anders Waage Nilsen vart det halde eit møte i Oslo 4. mai i år med representantar frå VisitNorway[1], FjordNorge/NCE Tourism, Nasjonal Booking, tellUs, VisitSognefjord og Vestlandsforsking. Bakgrunnen var eit innspel om behovet for ein nasjonal standard for strukturerte data i reiselivet. Som Anders Waage Nilsen [1] har uttrykt det:

> ”Et overordnet mål er å utvikle en sterkere delings- og utvekslingskultur innenfor en økologi av offisielle reiselivsnettsteder. Denne kulturen må dyrkes. En av fordelene med en felles infrastruktur muliggjør erfaringsdeling, nasjonale kompetansetiltak og samfinansiering av applikasjoner.”

Ønskjet er altså ei ny organisering av strukturert reiselivsinformasjon (”begrepsapparat”) for å møta dei nye utfordringane vi ser i den opnare veven kombinert med den sosiale veven.

2. Utgangspunktet for arbeidet

Reiselivet er ein svært samansett bransje med mange små aktørar og med relativt lite samspel og samhandling på tvers. Dette speglar også nettsatsinga. Det finst etter kvart mange reiselivsportalar og fellestrekket ved dei er at dei ikkje snakkar saman. Det er ikkje unikt for reiselivet, men utfordringane i reiselivet er kanskje endå større enn i andre bransjar med meir likearta og likeverdige aktørar.

Reiselivet er også i ein situasjon der nettet på kort tid har vorte den heilt dominerande kanalen for kundane til å skaffa seg informasjon om reisemål før, under og etter reisa. Kundane ligg solid framfor bransjen, og gapet mellom bruksmønsteret til kundane og tilbodet frå reiselivs-tilbydarane ser berre ut til å berre auka. Internettutviklinga og bruksmønsteret hjå dei reisande bør eigentleg få reiselivstilbydarane til å fryda seg. Men i staden heng bransjen att i gamle vanar og evnar i for liten grad å utnytta det store potensialet som ligg i teknologiskiftet.

Det første steget til betre samhandling for å tilby dei reisande det dei er på jakt etter, er å snakka same språket. Då snakkar vi ikkje om norsk eller engelsk, men om å bruka den same beskrivelsen av reiselivsprodukta. For å samla relatert informasjon om kajakkpadling på fjorden, må reiselivs-produkta utstyrast med like metadata (ord som beskriv innhaldet). Om ein tilbydar kallar sine produkt ”fjordpadling” og ein annan ”fjordkajakk”, blir det ingen samanheng mellom desse. Og dersom reiselivslaget skriv ein artikkel om dei fantastiske mulegheitene for kajakkpadling på Sognefjorden, kan ikkje desse to tilboda automatisk koplast opp utan at nokon seier at både ”fjordpadling” og ”fjordkajakk” er relatert til det felles ordet ”kajakk”.

[1] VisitNorway er brukt som namn på VisitNorway.com og tilhøyrande reiselivsportal som Innovasjon Norge har ansvaret for.

Dette forprosjektet gir ei tilråding til ei ny etablering av eit felles begrepsapparat for reiselivet (=ordliste for reiselivet). Rapporten analyserer no-situasjonen, gir ein modell for eit felles begrepsapparat, korleis arbeidet bør leggjast opp og korleis ordlista bør vedlikehaldast.

Sentrale premissar for arbeidet vårt:

- dagens organisering av begrepsapparat (les: kategoriar i tellUs-databasen) er ikkje tilstrekkeleg for å møta dei nye utfordringane i reiselivet
- begrepsapparatet må støtta deling mellom ulike reiselivsportalar og –tenester
- begrepsapparatet må også kunna integrera interessant og utfyllande informasjon tilbydd av andre enn reiselivet (t.d. kulturinformasjon)
- det må kunna integrera brukarskapt informasjon (omtalar i bloggar, ulike sosiale vevtenester)
- det må vera ope og fleksibelt
- det må vera relativt enkelt å vedlikehalda
- det må vera eit tydeleg ansvar for eigarskap og vedlikehald

Sentrale begrep (ord) brukte i rapporten:

- Begrep (en.: 'Concept'): Eit begrep er ein abstraksjon av eit fenomen. Dersom vi vel begrepet 'hotell' er det eit uttrykk for den mentale førestillinga vår av kva som er eit hotell. Eit konkret hotell, t.d. Kviknes Hotel, er ein *referent* for begrepet 'hotell'. Ordet 'hotell' er *termen*, eller namnet på begrepet. Eit begrep kan ha fleire namn ('hotell', 'hotel'). I denne rapporten er begrep den tematiske karakteriseringa av reiselivsprodukt – i vid forstand.
- Begrepsapparat: Ei samling strukturt informasjon (strukturerte metadata). Kan også noko forenkla omtalast som ei strukturert ordliste. Vokabular blir også brukt i denne rapporten om begrepsapparat
- Semantikk (gr.: "betydningslære" .. "gjelder ordenes betydning"): Læra om ordas betydning. Betydningen blir gitt i metadata som beskriv innhaldet, men også gjennom konkrete definisjonar ("eit hotell er ein overnattingsstad med døgnopen resepsjon, minimum 30 senger…)
- Semantisk vev ("semantic web"): W3C sin standard for å beskriva innhald på nettet og relasjonar mellom innhaldselement
- Emnekart ("Topic Maps"): ISO-standard som i stor grad er ein parallell til den semantiske veven. Både semantisk vev og emnekart er semantiske teknologiar
- Linked Data/Linked Open Data: Publisering av opne data på nettet og utstyrt med standardisert metadata-informasjon som følgjer reglane for den semantisk veven. Sjå vedlegg 1 for nærmare forklaring.
- Ontologi: Eit samla system med definisjonar av begrep og samanhengen mellom dei. Ein reiselivs-ontologi vil ha definisjonar av alle dei reiselivsobjekta som inngår i systemet og samanhengane mellom desse

Ordbruk:

Mange "dett av lasset" så fort ord som 'ontologi', 'semantisk web', 'taksonomi' osv. blir nemnde. Denne rapporten vil i minst muleg grad bruka slike ord og heller bruka 'begrep' og 'begreps-

apparat' og dette igjen må forståast som "ei strukturert ordliste for reiselivet". I vedlegg 4 er det gjort greie for den teoretiske forankringa av arbeidet. Sjå også kap. 8 for nærmare omtale av samspelet mellom dei ulike delane av økosystemet.

3. Digitalt økosystem for reiselivet

Forslaget i denne rapporten byggjer på etablering av eit nytt begrepsapparat i "nett-skya" som skal danna basis for eit digitalt økosystem i reiselivet. Begrepa blir navet i eit økosystem der samhandling på tvers av system blir gjort muleg fordi ein brukar same namnet (begrepet) når ein snakkar om det same.
Begrepa skal ha klare definisjonar og dei skal vera lett tilgjengelege både for menneske og maskin. Det betyr at dei må presenterast både på ein lettfatteleg måte for vanlege brukarar, og på ein standardisert måte for maskiner.

Publisering av begrepsapparatet i skya må sjåast i samanheng med tilgjengeleg-gjering av begrepsapparat og data som *Linked Data (lenka data)*. *Lenka data* er ein standard for å gjera tilgjengeleg nettressursar med eit minimum av semantisk informasjon. Sjå vedlegg 1 for nærmare omtale.



Figur 1: Digitalt økosystem med begrepsapparatet i sentrum

Som figuren over viser, skal det vera ei lang rekkje ulike brukarar av begrepsapparatet. På den måten kan det skapast eit økosystem som vil gjera det muleg å utveksla informasjon på tvers uavhengig av underliggjande system. I dag er det berre muleg med utveksling om ein brukar det same publiseringssystemet. Eit felles begrepsapparat vil i seg sjølv ikkje vera nok til å kopla saman relatert informasjon, men det er eit nødvendig første steg på vegen.

Det er grunn til å understreka at opninga av begrepsapparatet i første rekkje er for å styrka arbeidet med "lausare koplingar", dvs. koplingar mellom ulike kjelder både innafor og utanfor reiselivet. Til andre oppgåver, som t.d. booking, er det behov for meir detaljert og presis informasjonsoverføring.

Begrepsapparatet blir den første byggjesteinen i økosystemet for reiselivet, og bør følgjast opp med publisering av sjølve informasjonen (dvs. omtalen av kvart enkelt reiselivsprodukt som i dag er lagra i tellUs).

4. Dagens organisering av reiselivsbegrep

Det er ikkje første gangen det blir gjort forsøk på å standardisera begrepa i reiselivet. BIT Reiseliv har arbeida med standardisering i snart 10 år, og bransjen sjølv har etablert det som kan kallast de facto-standardar (ikkje offisielle standardar, men standardar i kraft av omfattande bruk).

4.1 BIT Reiseliv og standardisering

Vestlandsforsking utarbeida i 2004 rapporten "Standardiseringsarbeidet i BIT Reiseliv" [2] på oppdrag frå BIT Reiseliv. Rapporten ga ein oversikt over status i standardiseringsarbeidet som vart starta i 2000, og kom også med tilrådingar til gjennomføring av eit hovudprosjekt.

Hovudtilrådinga i rapporten var forenkling av det felles kategori-systemet; dei føreliggjande forslaga var tenkt altfor detaljert. Det vart også tilrådd å bryta opp den strenge hierarkiske ordninga av begrep og laga ei lausare koplingssystem der eit begrep (emneord) kan høyra til fleire overkategoriar. Det er denne tankegangen vi har ført vidare i forslaget i denne rapporten.

Hovudprosjektet vart starta i 2004 og utført som ein del av fase 1 (2004-2006) av programmet. Arbeidet vart utført av Avinet as med Arne Glenn Flåten som prosjektleiar for BIT Reiseliv. Det vart utarbeidd ei xml-basert kategorisering i to nivå. Skjematisk er modellen også vist i eit UML-diagram. Dessverre har ikkje dette forslaget fått særleg gjennomslag og standardiseringsarbeidet i regi av BIT reiseliv kan ikkje seiast å vera vellykka i den forstand at næringa har teke i bruk eit felles begrepsapparat.

4.2 Standardisering og ”standardisering”

Noko av det som blir kalla standardisering i reiselivet ikkje standardisering på begrep, men på system. Gjenbruk og deling blir gjort muleg fordi systema (i stor grad portalar) er bygde på det same systemet, same leverandør. Dette er ei skinn-standardisering. Dersom ein trur ein kan få heile reiselivsbransjen til å basera alle tenester på det same systemet, frå den same leverandøren, kan tett integrering oppnåast. Men det er liten grunn til å tru at ein slik strategi vil fungera i ein større samanhang.

Fjordnett-satsinga som omfattar eit 15-tal portalar under Fjord Norge, fungerer på denne måten. Men trass i denne ”standardiseringa” er Fjord Norge/NCE Tourism likevel dei som har ivra mest for eit uavhengig, standardisert begrepsapparat for reiselivet. Det er truleg fordi dei har sett at gjenbruk og deling på bakgrunn av same IT-system ikkje er vegen å gå i den store samanhangen. Det kan fungera i mindre omfang, og kan også vera kostnadseffektivt her, men det er ikkje ein framtidsretta modell med tanke på integrasjon av ulike informasjons-kjelder.

4.3 Dagens begrepsapparat i tellUs

Dagens kategorisering (= begrepsapparat) av informasjon i tellUs-databasen er prega av ein organisk og ukontrollert vekst. Det som truleg starta med eit relativt godt definert sett av begrep, har vakse til eit uhandterleg system. Det fører til at det blir vanskeleg å kategorisera informasjonen for dei som legg inn, og det blir vanskeleg å bruka kategoriane for dei som skal ta informasjonen vidare som kundar av tellUs.

Dagens system har desse hovudkategoriar (øvste nivå):

1		Overnatting
	110	Stad
2		Servering
	203	Reisepakke
3		Forretningar – Service
36		Aktivitetar
39		Arrangement
4		Tenester
	400	Utleige
	402	Produksjon
	403	Prosjekt
	404	Matkultur
	405	Generelle typar
69		Attraksjonar
99		Transport

Det kan diskuterast om det er 8 eller 15 hovudnivå, men det er ikkje det viktigaste. Det viktigaste er at det er ei blanding av tematisk kategorisering (overnatting, servering, aktivitetar) og andre dimensjonar som *stad*, *pakking av tilbod (reisepakke)*, *administrative*

aktivitetar (prosjekt). Det blir veldig vanskeleg når så ulike kategoriar blir rista saman. Denne samanblandinga held fram også på dei to neste nivåa.

På nivå to i dagens system er det heile 800 kategoriar og på siste (tredje) nivå er det 1133.

4.4 Andre system for kategorisering

Brukarar av tellUs-informasjon kan vanskeleg gjera bruk av kategoriseringa og har utvikla sine eigne system. Dei må difor laga oversetjing (mapping) mellom tellUs og eiga kategorisering. Sjå vedlegg 2 for eit eksempel på ei oversetjing mellom VisitNorway sine kategoriar og tellUs.

Forslaget til ny organisering av begrepsapparatet gjer det lettare å innføra nye strukturar utan at den underliggjande samanbindinga blir broten. Det er fordi **bindemiddelet er emneorda**, ikkje sjølve strukturen.

5. Aktuelle standardar, begrepsapparat og verktøy

Her viser vi til ei kartlegging som vart gjort i Forskingsråds-prosjektet *Sesam4* [4], eit prosjekt for bruk av semantiske teknologiar i små og mellomstore bedrifter. Dei viktigaste standardane omtalte i denne rapporten, er:

5.1 Utvekslingsstandardar

- OTA (Open Travel Association)
- WTO Thesaurus
- ISO 18513:2003
- CEN/TC 329
- Enjoy Europe/MDS (Minimum Data Set)
- HEDNA
- IFITT RMSIG (Reference Model Special Interest Group)

Av desse er OTA den mest brukte og mest aktuelle. Open Travel Association er ein non-profitt-organisasjon etablert av reiselivsbedrifter i 1999. Føremålet er å utvikla og vedlikehalda eit bibliotek av XML-skjema (XML Schemas) til bruk i reiselivet. Desse skjema utgjer OpenTravelXML-spesifikasjonane.

OTA vart starta av store tur- og transportaktørar, m.a. dei store flyselskapa, hotella og bilutleige-firma, og har difor hatt stort fokus på flyreiser, leigebil og overnatting. Etter kvart har standardiseringa omfatta fleire område innan reiselivet. Standarden blir vedlikehalden og publisert to gonger i året. Den siste versjonen, 2008B, inneheld ikkje mindre enn 626 ulike XML-filer som beskriv ulike reiselivsområde og –handlingar.

Desse hovudområda er dekka:

airline booking (and checking in etc.)
cruise booking etc.
destination activities
dynamic packages (compound bookings)
hotel booking etc.
golf course
travel insurance
railway bookings

BIT Reiseliv har sidan 2009 arbeida med etableringa av nasjonal bookingteneste, eit arbeid som vart starta tidlegare av andre aktørar. BookNorway AS er no etablert for å driva booking-verksemda på kommersielt grunnlag. Det nye bookingsystemet er ikkje ei ny bookingløysing i seg sjølv, men ei samkøyring av fleire eksisterande løysingar (som City Break, tellUs GuestMaker og Restech). Løysinga skal vera operativ til sesongen 2011, men den offisielle lanseringa skjer først i september i år.

Ein viktig del av arbeidet med nasjonal booking har vore standardisering av omtalen av reiselivsprodukta i tillegg til auka kvalitet på foto. Kategoriseringa av reiselivsprodukta følgjer i stor grad OTA-standarden [3]. Arbiedet med omarbeiding av tellUs-kategoriane må difor sjå nøye på kategoriseringa som er gjort i samband med tilpassing av bookingtenesta.
OTA er skreddarsydd for booking og er som tidlegare nemnt omfangsrikt. Det er eit detaljnivå som er på grensa til det komiske, så i bruken av standarden er det viktig å sjå på dei meir generelle begrepa . Eksempelet under viser detaljnivå i OTA, her frå OTA_CodeTable:

```
<Code Value=”253” CreationDate=”2008-11-04”>
<CodeContents>
<CodeContent Language=”en-us” Name=”DVD player available at front
desk”/>
</CodeContents>
</Code>
```

5.2 Ontologiar for reiselivet

- Harmonise/HarmoNet Tourism Ontology
- Semantically Interlinked Online Communities Project (SIOC)

Hovudinntrykket er at ingen av dei ovannemnde standardane har fått særleg utbreiing med unnatak av OTA. OTA er på si side svært detaljert og bransjespesifikk, prega av hovudaktørane bak initiativet (flyselskap, bilutleigefirma og hotell).

Forskingsrådsprosjektet SeSam4 har utarbeidd ein oversikt over informasjonsressursar og standardar for reiselivet [4].

VisitNorway

VisitNorway sin portal er basert på teknologi-standarden emnekart (Topic Maps). Det er utvikla ein enkel ontologi for portalen :



Figur 2: Ontologi for VisitNorway (henta frå Networked Planet som saman med MakingWaves er firma bak nettsidene)

Ontologien har *kategori, tema* og *geografi* som dei sentrale elementa. Kategori er dei oversette (mappa) tellUs-kategoriane, medan tema er t.d. 'Arctic Norway', 'Family holiday' og 'National parks'. Geografi er sjølvsagt lokalisering, eit heilt avgjerande element. *Travel offer* er det aktuelle reiselivs-produktet (det aktuelle hotellet, den aktuelle aktiviteten osv.) og er sjølvsagt også sentralt i modellen. *Editorial content* er artiklar produserte av VisitNorway-redaksjonen sjølve.

Sesam4-ontologi

I prosjektet *Sesam4* har reiseliv vore det sentrale utprøvingsområdet for semantiske teknologiar. Også her har vi utvikla ein enkel ontologi der vi har henta inspirasjon frå eksisterande ontologiar som VisitNorway og andre. Sjå vedlegg 3 for detaljar i Sesam4-ontologien.

5.3 Verktøy for arbeid med begrep

For å unngå å hamna i same problema som dagens tematiske kategorisering, er det viktig å arbeida med begrepsorganisering på ein systematisk måte. Då er det viktig å kjenna til dei grunnleggjande byggjesteinane og ein framgangsmåte for arbeidet.

Språkrådet har gitt ut "Termlosen – Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid" [6]som ein kort rettleiar i slikt arbeid. Denne bør vera utgangspunktet for begrepsarbeid.

6. Forslag til ny organisering av begrepsapparatet

I forslaget til ny organisering av begrepsapparatet for reiselivet, har vi teke utgangspunkt i dagens tellUs-kategorisering, samanlikna med andre system, og til slutt komme fram til ein modell vi trur både er framtidsretta og realistisk å gjennomføra. Prinsippa for den føreslåtte organiseringa, er:

1. **Forenkling**
   Tal kategoriar og nivå bør reduserast.

2. **Kontrollert vokabular med vekt på emneord**
   Vi føreslår eit kategorisystem basert på *emneord* og med ein tilhøyrande overliggjande struktur i tillegg til eit nivå under kalla *hjelpeord*. Denne modellen er inspirert av systemet *Los*[2], eit system for kategorisering av offentlege tenester utvikla av Vestlandsforsking [5] for Norge.no (no Difi). Det er eit system for kategorisering av offentlege tenester og er i bruk i bortimot 150 kommunar. Det er såleis eit gjennomprøvd system som også har vist at det kan skalerast med tanke på brukarar. Difi (Direktoratet for ikt og e-forvaltning) er ansvarleg for Los, og syter for oppdatering av vokabularet i tillegg til utvekslingsrutinar.

   Formelt sett er denne organiseringa av begrep ein *thesaurus*[3]. Ein thesaurus er ei vidare-utvikling av den enklare *taksonomien* (dagens tellUs-kategorisering er ein slags taksonomi), med fast definerte koplingar/relasjonar. Dei viktigaste relasjonane i ein thesaurus er:

   BT (Broader Term): Meir generell term (breiare)
   NT (Narrower Term): Meir spesifikk term (smalare)
   RT (Related Term): Relatert term (dvs. emneord som er relaterte på eit vis)
   SN (Scope Note): Ein definisjon av termen (emneordet)
   U (USE): Eksempel: 'biltilsyn' USE 'trafikkstasjon'
   UF (USED FOR): Den omvendte vegen: 'trafikkstasjon' UF 'biltilsyn'

   - Emneorda er sentrale og nettressursar blir kopla til desse. tellUs får eit spesielt ansvar for vedlikehald av emneord.
   - Hjelpeorda er knytte til emneorda og kan opprettast fritt. Hjelpeord kan vera synonym, utgåtte begrep, smalare begrep o.l. Hjelpeorda vil styra brukaren mot det rette emneordet.
   - Temastrukturen over emneorda kan også variera frå brukar til brukar, litt slik som dagens strukturar varierer frå tellUs til VisitNorway, til FjordNorge og til andre. tellUs sitt forslag til temastruktur kan brukast av andre, men dei kan definera sin eigen som kan vera betre tilpassa situasjonen (den aktuelle portalen, applikasjonen m.v.). Emneorda blir dei same, det er på dette nivået deling av informasjon føregår.

3. **Alt kan ikkje løysast med kategorisering**
   Vi trur ikkje det er muleg å definera ei kategorisering eller eit begrepsapparat som løyser alle

[2] Meir informasjon om Los på http://los.difi.no
[3] ANSI/NISO Z39.19 frå 2005 er ein standard for ein eittpråkleg (monolingual) thesaurus. For meir informasjon, sjå http://bit.ly/z39_19

problem. Eit begrepsapparat som skissert her, er **nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg**. Tilrettelegging for søk, bruk av sosiale medium m.m. er nødvendige tilleggsfunksjonar for ei godt fungerande teneste.

4. **Publisering av emneord i "nett-skya"**
   Forslaget inneber at tellUs må opna opp begrepsapparatet og dela det med andre. Vi føreslår at heile begrepsapparatet blir publisert i "skya", tilgjengeleg for kven som helst. Det er viktig å ha klart for seg at deling av ressursar ved hjelp av kategoriane som blir publiserte i "skya" vil vera av typen "laus kopling". Dei systema som krev større presisjon og fleire detaljar, t.d. booking, må bruka fastare koplingar med meir detaljert informasjon (som dagens overførins-metodar). Vedlikehaldsrutinane må likevel vera tydeleg definerte, sjå slutten av kapitlet.

5. **Fleire format**
   Vokabularet (begrepsapparatet) må vera tilgjengeleg i fleire format. Det bør vera tilgjengeleg i menneskeleseleg format som HTML, i maskinlesbart format som t.d. XML, og helst også uttrykt i semantiske standardar som SKOS/RDF eller XTM.

7. **Publisering av informasjon i "nett-skya"**
   For å få full effekt av den nye strategien bør også informasjonsressursane i tellUs-basen publiserast i skya. Då vil heile dagens lukka tellUs-database bli "vrengt ut" og synleg for alle. Det vil bli fundamentet i det digitale reiselivs-økosystemet. Det vil kunna skapa eit godt grunnlag for ei rik og kreativ utvikling med mange applikasjonar og tenester som vi i dag ikkje har tenkt på. Det blir ein parallell til den rivande utviklinga som skjer innan opne data ("Linked Open Data"[4]).



Figur 3: Modell for ny organisering av tellUs-begrep (NB! At berre enkelte nettressurar er kopla til emneord i eksempelet, er tilfeldig)

[4] Sjå http://linkeddata.org

Illustrasjonen over viser systemet Los, men reiselivsbegrepa både kan og bør organiserast på same måten. Sentralt i modellen er **emneorda**, det er dei som er bindemiddelet (limet) i samhandlinga. Det er dei som må delast og gjenbrukast skal ein få til samhandling.

Til emneorda er det knytt ein tonivå-struktur (**tema**). Temastrukturen kan ha så mange nivå ein vil, men det beste vil vera å prøva å halda den nokså flat. Strukturen kan også variera frå brukar til brukar, om lag som i dag der VisitNorway og FjordNorway har andre, eigenutvikla strukturar enn tellUs, sjølv om data er like. Men i motsetnad til dagens tellUs-struktur, er det ikkje strukturen som blir den sentrale, men emneorda. Så lenge dei er like, spelar det inga rolle kva struktur som er brukt over.

Emneorda blir knytte til nettressursar, som er omtale av reiselivsprodukt. I dag ligg nettressursane i ein database, og er ikkje direkte referer-bare. Det må endrast for å få full nytte av den nye organiseringa.

Til emneorda er det knytt ei rekkje **hjelpeord** (ikkje vist i figuren over, men figuren under). 'Hjelpeord' er eit samlebegrep for ord som 'synonym', 'utgåtte termar' osv. Hjelpeorda skal som ordet seier, hjelpa brukaren til å finna fram til det rette emneordet, og her er brukaren både sluttbrukaren som leitar etter reislivsinformasjon og den som legg inn informasjon i tellUs og kategoriserer denne. Hjelpeorda vil også vera viktige i søk, men det føreset at dei følgjer nettressursen, dvs. blir lagt inn i nettressursen saman med emneordet/emneorda.



Figur 4: Samanhengen mellom hjelpeord, emneord og nettressurs (eks. frå dagens org.)

I eksempelet over er 'restaurant' emneordet som blir knytt til nettressursane frå tellUs, TripAdvisor og restauranten si eiga heimeside. Til emneordet 'restaurant' er det knytt ei rekkje hjelpeord. Ved søk på eitt av desse orda, vil brukaren bli leia til emneordet med tilhøyrande ressursar.

Medan emneorda må haldast under kontroll (det kontrollerte vokabularet), kan og bør hjelpeord sleppast fritt. Kvar brukar bør kunna leggja til sine eigne hjelpeord til dei felles emneorda som blir henta frå "skya". På den måten får ein fanga opp lokale spesialitetar og særmerkje.

Utvikling av nytt begrepsapparat

Utviklingsarbeidet må ta utgangspunkt i dagens tellUs-kategoriar og halda det opp mot andre aktuelle begrepsapparat og variantar av tellUs-begrepa. Dette bør styrast av tellUs, men utførast i lag med sentrale brukarar, både på innlegging av data og distribusjon av data.

Arbeidet bør følgja dei prinsippa og forslaga som er føreslegne over. Arbeidet med begrepsapparatet bør skje uavhengig av teknologisk fundament, dette kan godt gjerast med Excel eller liknande verktøy.

Vedlikehald av begrepsapparatet

Når forslaget er å organisera begrepa som eit kontrollert vokabular, ligg det i namnet at det må kontrollerast av nokon. Nokon er i dette tilfellet tellUs. Slik dette oppdraget er forma og slik situasjonen er i dag, må tellUs ta ansvaret for vedlikehaldet av begrepsapparatet fordi det først og fremst blir eit hjelpemiddel for dei.

Men med opning av begrepsapparatet må næringa elles også bidra. Det betyr at det må vera mulegheiter for å komma med endringsforslag frå alle andre som brukar begrepsapparatet.

I tilknyting til publisering av begrepsapparatet i skya, bør det difor også etablerast rutinar for tilbakemelding om nye emneord og endring av emneord.

7. Distribusjonsmodell for begrepsapparatet

Begrepsapparatet må formidlast på fleire format, leseleg både for menneske og maskin. For menneskeleg tilgang er publisering som HTML det beste, men det bør i tillegg også føreliggja som rein tekst slik at det lett kan takast i bruk i andre samanhengar. For maskinell lesing er XML det føretrekte formatet. Utvekslinga kan skje både via filer og via web services.

7.1 Eksport – import av XML-filer

Den enklaste forma for distribusjon av begrepsapparatet er ved hjelp av eksport eller import av XML-filer som blir tilgjengelege via nettet (via ein URL). Filene kan omfatta delar eller heile begrepsapparatet. Det er naturleg å kunna velja berre emneorda, sidan brukarane kan ha eigne temastrukturar og eigne hjelpeord knytte til emneorda.

Formatet på filene bør kunne støtte ulike standarar som Topic Maps (XTM) og RDF-triplar avhengig av brukaren sine behov.

7.2 Web services

Eit alternativ til import av xml-filer, som skissert over, er å henta ut begrepsapparatet ved hjelp av web services. Dette alternativet krev ikkje spesiell installering eller tilrettelegging lokalt, berre at brukaren gjer bruk av definert web service og resultata frå den.

Web service-en tek seg av alle oppslag mot den sentrale "Begrepsdatabasen". Web service-en vil ha fleire prosedyrar/funksjonar som returnerer tema, undertema, emneord og hjelpeord. Eksempel på funksjonar er:

- HentTema (som returnerer tema med tilhøyrande undertema)
- HentEmneord (returnerer alle emneord tilhøyrande eit undertema)
- HentHjelpeord (returnerer alle hjelpeord tilhøyrande eit emneord)

Men den største gevinsten får vi når nettressursane også blir tilgjengeleg i "skya". Då vil vi også kunna ha spørjingar som hentar alle nettressursar knytte til eit emneord, eller nettressursar med gitt emneord i eit geografisk område.

Web service-en bør støtta REST-prinsippet[5]. Det vil sei at URL-en til Web service-en blir lesbar og fortel kva vi *filtrerer* på, og kva som skal *returnerast* .

8. Samspelet mellom elementa i "økosystemet"

Forslaga i denne rapporten er forankra i idéen om å skapa eit digitalt økosystem for reiselivet. Begrepsapparatet, og helst også etter kvart publiserte informasjonsressursar frå tellUs-databasen, skal danna basisen i systemet. Tanken er at dette fundamentet skal gi næring til nye og kreative løysingar, både tradisjonelle web-baserte løysingar og mobile applikasjonar ('apps'). Til saman vil dette utgjera eit digitalt økosystem.

Til grunn for forslaget om etablering av eit digitalt økosystem for reiselivet, ligg nokre grunn-leggjande tankar om web-en generelt, og om opne data spesielt.

8.1 7 råd for å "tenkja web"

Med uttrykket å "tenkja web" meiner vi her å få ei djupare forståing for korleis web-en fungerer og korleis ein kan støtta dei grunnleggjande prinsippa i den. Råda spesifiserte under, er henta frå Jon Udell[6], Microsoft. Fleire av desse råda heng saman med råda om opne data omtala litt

[5] REST = Representational State Transfer; enkelt sagt ein beskrivelse av korleis web-en slik vi kjenner den, fungerer (sjå meir forklaring på http://en.wikipedia.org/wiki/Representational_State_Transfer

[6] http://blog.jonudell.net/2011/01/24/seven-ways-to-think-like-the-web/
Jon Udell er ein kjend web-ekspert som m.a. lenge var ein viktig spaltist i tidsskriftet BYTE.

seinare. Dei er også sentrale for motivasjonen som må liggja til grunn for dei forslaga vi set fram i denne rapporten.

1. **Ver den autoriative kjelda for eigne data**
   (”Be the authoritative source for your own data”)
   Også NRKBeta har lansert eit liknande slagord (kalla *NRKBeta-doktrinen*) i sitt arbeid for å gi slepp på data samstundes som ein ikkje reduserer seg sjølv og sin eigen autoritet. Det handlar om å tora å dela data, men på same tid gjera det tydeleg kven som står bak dei.

2. **Overfør ved referanse, ikkje verdi**
   (”Pass by reference, not by value”)
   Eit eksempel: Når du sender ein URL til nokon, overfører du ved hjelp av referanse, ikkje verdi. Alternativet er å kopiera innhaldet og senda det (som verdi)

3. **Ver merksam på skilnaden på strukturerte og ustrukturerte data**
   (”Know the difference between structured and unstructured data”)
   Dersom du viser ein kalendar som ei rein HTML-side, eller verre: som ei pdf-fil, viser du ustrukturerte data. Dersom du publiserer kalendaren din som iCalendar (standard for kalendarinformasjon), sender du strukturerte data som maskinene kan tolka.

4. **Bruk disiplinerte namne-konvensjonar**
   (”Create and adopt disciplined naming conventions”)
   Tydeleg namngiving lettar seinare bearbeiding og aggregering av data. Eit eksempel er t.d. å oppgi eit tydeleg Twitter-emneord (hashtag) for eit arrangement.

5. **Distribuer data til så mange som muleg**
   (”Push your data to the widest appropriate scope”)
   Sender du ein epost, når den ein eller fleire personar. Skriv du eit blogginnlegg på eit intranett, når den alle i bedrifta. Skriv du eit blogginnlegg på web-en, når den potensielt heile verda.

6. **Delta i nettverk både som bidragsytar og lesar**
   (”Participate in pub/sub networks as both a publisher and a subscriber”)
   Igjen er blogg-sfæren det beste eksempelet. Diskusjonane i kjølvatnet av eit innlegg er det som gir meirverdi til den opprinnelege informasjonen.

7. **Gjenbruk komponentar og tenester**
   (”Reuse components and services”)
   For å realisera web-arkitekturen ”small pieces loosely joined” er dette nødvendig. Mange av dei mest suksessrike applikasjonane/tenestene på nettet er utvikla etter denne modellen.

8.2 7 råd for opne data

Dersom informasjonsressursane frå tellUs-basen også blir publiserte ope for alle, vil det kunna skje med utgangspunkt i standarden *Linked Data* og på den måten koplast til mange andre opne data. Linked Data, eller Linked Open Data (LOD) som det også blir kalla, kan sjåast på som ein lettvariant av semantisk web. Den er langt mindre ambisiøs enn mykje av det ontologiarbeidet som har skjedd innafor den semantiske web-en og som i mange tilfelle har vore i overkant ambisiøst og for lite forankra i dei faktiske it-behova i samfunnet.

Med lenka data har ein teke eit steg tilbake og prøvt å finna eit minimum av tilleggsinformasjon som skal til for å få ei meiningsfull, og likevel automatisk, utveksling av informasjon. Her er 7 gode råd for opning av data og tilnærming til lenka data:

1. **Bruk standard internett-protokollar (http) for tilgang til nettressursar**

2. **Alle objekt må ha ein unik identifikator (URI)**

   Adressa (URI-en) må vera permanent (persistent) og kunna lesast både maskinelt og av menneske

3. **Unngå aggregering av data**

   Data er best som råkost, ikkje aggreger utan at det er heilt nødvendig

4. **Strukturer metadata på ein maskinlesbar måte (t.d. XML-serialisering eller XML/RDF/XTM)**

5. **Bruk internasjonalt teiknsett (UTF-8)**

6. **Bruk minimum Dublin Core som global standard for beskrivelse av data (metadata)**

7. **Tenk på kopling mot andre datakjelder ved å tilretteleggja for Linked Data (sjå vedlegg)**

8.3 Felles begrepsapparat

Med eit fritt tilgjengeleg begrepsapparat og tilkopla informasjonsressursar er utgangspunktet det beste for ei innovativ utvikling av nye tenester og applikasjonar. Eit felles begrepsapparat som blir brukt av fleire aktørar gjer det muleg å utveksla ressursar basert på dei felles emneorda. Dette må kombinerast med informasjon om t.d. geografi for å få den delte informasjonen presis nok.

Utviklinga av eit digitalt økosystem for reiselivet bør starta med ein gjennomgang av dagens begrepsapparat, med utgangspunkt i tellUs-kategoriane. Næringa må finna fram til passande emneord, etter modellen som er føreslått i denne rapporten. Begrepsapparatet må gjerast ope

tilgjengeleg slik at det blir lett å bruka for alle interesserte. Det vil også gi nyttige tilbakemeldingar slik at det kan bli kontinuerleg oppdatert og forbetra.

8.4 Portalar og applikasjonar

Det digitale økosystemet skal gjera det lettare å kopla informasjon frå ulike kjelder ved at dei same emneorda blir brukte til å kategorisera ulike ressursar. I ein tradisjonell portal kan det gjerast ved at relatert informasjon blir vist i høgremargen som i eksempelet under:

I applikasjonar for smarttelefonar vil ein kunna utnytta den opne informasjonen ved å kopla tema og lokalisering og presentera på eit kart. Det vil bli veldig lett å laga enkle applikasjonar som t.d. hentar ut relevante aktivitetar i ein viss omkrins frå der du er akkurat i augneblinken.

Byggjesteinane vil stimulera til kreativ utnytting av tilgjengelege ressursar slik at reiselivsinformasjonen kan bli meir brukt og nå ut til fleire potensielle besøkande. Det er å håpa at fundamentet kan skapa eit mylder av applikasjonar som til saman blir det nødvendige økosystemet for digital reiselivs-informasjon.



Figur 5: Relatert informasjon, eks. frå VisitNorway

9. Oppsummering og arbeidet vidare

Dette er ikkje første gangen det blir gjort forsøk på å etablera eit felles begrepsapparat for reiselivet, og det blir kanskje ikkje den siste heller. Det er ein vanskeleg jobb å setja namn på ting, og endå vanskelegare når det er fleire uavhengige aktørar med i biletet. Likevel er det ein nødvendig del dersom ein skal oppnå betre integrasjon og lettare informasjonsutveksling.

I denne forprosjektrapporten er det skissert forslag til utvikling av eit felles begrepsapparat med utgangspunkt i tellUs sine eksisterande kategoriar. Begrepsapparatet omfattar den **tematiske** delen av reiselivsinformasjonen, ikkje andre dimensjonar som t.d. geografi, tid m.m.

Emneord som det sentrale

Forslaget byggjer på å erstatta dagens hierarkiske kategorisystem med **emneord**. Hierarkiet vil ikkje bli borte, men det er emneorda som vil stå i sentrum, den tematiske strukturen over emneorda er sekundær. Til emneorda føreslår vi å kopla **hjelpeord** for lettare å navigera seg fram til korrekt emneord. Hjelpeorda vil vera til hjelp både for dei som legg inn informasjon, og for sluttbrukarane i søkesamanheng.

Denne måten å ordna begrep på, er prøvd ut i andre prosjekt, på andre område. Mest nærliggjande er kategoriseringssystemet *Los*, eit system for kategorisering av offentlege tenester. Det er eit system eigd av Difi, og brukt i bortimot 150 kommunar for å binda saman nær-slekta informasjonsressursar. Det viser at metoden duger i praksis, og er skalerbar ved at den kan handtera ein aukande brukarar-masse utan problem.

Vi har brukt 'begrep' og 'begrepsapparat' i denne rapporten som uttrykk for inndeling av reiselivs-produkt i tematiske kategoriar. Vi har vidare gjort ei forenkling og snakka om ei tematisk **ordliste**, medan 'begrep' i vitskapleg forstand er meir komplisert. Vedlegg 4 om "Ontology Construction: Background and Practices" viser ei vitskapleg framstillinga av begrep (jfr. det semiotiske triangelet) og relasjonar mellom begrep forstått som ein ontologi.

Publisering av emneord i "nettskya"

Vi føreslår vidare at emneorda blir publiserte i "nett-skya", lett tilgjengeleg for alle som vil bruka dei. Emneorda må kontrollerast og ha eit system for jamleg vedlikehald (= kontrollert vokabular), medan hjelpeorda er friare og bør kunna leggjast til av alle som ønskjer det.

Dette blir det første, viktige steget i ei utvikling mot *lenka data* (*Linked Data*). Men for å realisera lenka data, må også informasjonsressursane emneorda blir knytte opp mot, publiserast ope. Det blir ei naturleg vidareføring når det kontrollerte vokabularet er på plass.

Til saman vil dette bli viktige byggjesteinar i etableringa av eit digitalt **økosystem for reiselivet**. Ved hjelp av byggjesteinane omtalte ovanfor, skal tredjeparts-aktørar lettare kunna utvikla nye system (applikasjoanr, nettsider) for reiselivet og lettare kunna integrera reiselivsinformasjon med tilgrensande informasjon (kulturbasert informasjon, brukargenerert informasjon m.m.).

Vidare framdrift

Vi tilrår at det vidare arbeidet blir drive av **tellUs** i tett samarbeid med reiselivsaktørar som VisitNorway, FjordNorway/NCE Tourism, Book Norway m. fl. Det er fleire igangsette og planlagde

prosjekt som har delar av forslaga her innebygd. Det gjeld særleg tellUs' Skattefunn-prosjekt som alt er godkjent og sett i gang, og det gjeld prosjektsøknad til nyleg utlysing i Forskingsrådet sitt Verdikt-program.

Vi føreslår at det vidare arbeidet blir integrert i desse prosjekta. Ein stor fordel vil vera at dette delvis alt er igangsette prosjekt og at vidareføringa dermed kan ta til utan opphald. Ein annan fordel er at arbeidet då vil bli godt innpassa i forretningsplanar og dermed godt forankra i næringa sine behov. Dersom prosjektsøknaden til Verdikt blir støtta, vil det også gi eit viktig, ekstra forskingsbidrag til arbeidet.

Figuren på neste side skisserer ein framdriftsplan for arbeidet ut frå denne tankegangen.

Framdriftsplan

tellUs har planlagt eit arbeid internt der ein gjennomgang og opprydding i begrepsapparatet er sentralt. Det er eit arbeid i tråd med forslaga i rapporten og tellUs-prosjektet er den mest sannsynlege vidareføringa av arbeidet, som nemnt over.

I tillegg til tellUs' internprosjekt er det også søkt om midlar frå Forskingsrådet sitt Verdikt-program til eit prosjekt for å etablera det omtalte digitale økosystemet. Vestlandsforsking har vore sentrale i utforminga av søknaden der tellUs står som søkjar. Andre samarbeidspartnarar i prosjektsøknaden er Norsk Regnesentral, Computas, NCE Tourism/Fjord Norge, Visit Sognefjord og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Prosjektet vil ta opp sentrale delar av tellUs' interne prosjekt og arbeida vidare med forslaga i denne rapporten.

Forslag til plan for realisering av det digitale økosystemet for reiselivet følgjer i store trekk tellUs-prosjektet "*Relasjonsbasert konsept for en interaktiv reiselivsnæring*" og prosjektplan for *CREAPURE* (Verdikt-søknad sendt til Forskingsrådet 16.02.11).

ID	*Aktivitetsnamn*	*Start*	*Slutt*	*Lengde*
1	Utarbeiding av nytt begrepsapparat	01.09.2011	30.12.2011	17,4u
2	Publisering av begr.app. i skya	02.01.2012	02.03.2012	9u
3	Utvikling av rammeverk for LOD	01.03.2012	31.08.2012	26,4u
4	Implementering av LOD i tellUs	01.06.2012	31.12.2012	30,4u
5	Testing og validering av LOD + pilot	01.01.2013	28.06.2013	25,8u
6	Innføring av ny forr.modell, tellUs	01.01.2013	30.06.2014	78u



Referansar

[1] NCE Tourism: ”Strukturerte data og reiselivsinformasjon”

[2] Haugen, Oluf, Ingjerd Skogseid og Svein Ølnes: ”Standardiseringsarbeidet i BIT Reiseliv” (VF-notat 7/2004) - http://www.vestforsk.no/filearchive/vf-notat7-2004_1.pdf

[3] OTA: Open Travel Alliance, http://www.opentravel.org/Specifications/Default.aspx

[4] SeSam4: www.sesam4.net

[5] Ølnes, Svein: Nye LivsIT – Forslag til ny informasjonsstruktur for LivsIT, VF-rapport 2/2005, http://www.vestforsk.no/rapport/nye-livsit-forslag-til-ny-informasjonsstruktur-for-livsit

[6] Suonuuti, Heidi: ”Termlosen – Kort innføring i begrepsanalyse og terminologiarbeid”, Språkrådet 2010.

Vedlegg 1: Linked Data

Linked Data og *Linked Open Data* er to uttrykk som blir stadig meir brukte. Det representerer ei utvikling mot enklare semantiske løysingar. Semantisk web har vore spådd som det neste store etter framveksten av web 2.0 og sosiale media og har då også fått tilnamnet *web3.0*. Men det har teke lang tid for semantiske teknologiar å få fotfeste, og mykje av grunnen er at det blir for komplisert for mange å setja seg inn i logikk og ontologi-utvikling. LD/LOD tilbyr ein enklare måte å oppnå mykje av det som den semantiske web-en har lova.

Linked Data, på norsk *lenka data*, er ei samling beste praksisar for publisering og kopling av strukturerte data på web-en. Til saman utgjer desse initiativa *the Web of Data*. Det som skil desse koplingane (lenkene) frå tradisjonelle hyperlenker, er at dei er utstyrte med informasjon om *type*. Ei vanleg lenke på web-en seier ikkje noko om kva type informasjonsressursen som lenka peiker til, er. Med *lenka data* vil vi i tillegg få opplysningar om kva *type* data det blir lenka til. Fordelen med denne teknologien er at data lenka på denne måten blir maskinleseleg og det opnar for ei rekkje nye bruks-mulegheiter.

Lenka data brukar standarden RDF[7] for å uttrykkja *type* data. Resultatet blir *Web of Data*, eller meir presist *web of things in the world, described by data on the Web*[8]. RDF er ein standard for å uttrykkja semantisk innhald, og det blir gjort ved hjelp av såkalla *triplettar*. Ein triplett er eit utsagn (statement) på forma *subjekt – predikat – objekt*. Alle data i *lenka data* blir beskrivne på denne måten. Både subjekt og objekt er URI-ar som representerer ressursar, dvs. adresser som kan nåast ved hjelp av HTTP-protokollen. Predikatet seier noko om korleis dei to ressursane er relaterte, det er her *typen* relasjon blir definert.

Subjekt	Predikat	Objekt
Den aktuelle ressursen	*er av typen*	*by*
http://dbpedia.org/page/oslo	*http://www.w3c.org/.../22-rdf-syntax-ns#type*	*http://dbpedia.org/ontology/city*

Subjekt	Predikat	Objekt
Den aktuelle ressursen	*har namnet*	*"Oslo"*
http://dbpedia.org/page/oslo	*http://www.w3c.org/.../rdf-schema#label*	

Figur 6: Eksempel[9] på to triplettar som seier noko om Oslo

[7] RDF = Resource Description Framework, ein W3C-standard for å beskriva semantisk informasjon. Sentralt i RDF er *triplettar* – subjekt, predikat og objekt. Alle utsagn om ein ting, blir gjort med triplettar.
[8] Tim Berners-Lee et al. (2009): International Journal On Semantic Web and Information Systems, vol. 5, nr. 3
[9] Eksempelet er henta frå http://datavisualization.ch/opinions/introduction-to-linked-data

Tim Berners-Lee[10] har formulert desse enkle reglane for å publisera data på web-en:

1. Bruk URI som namn på ting
2. Bruk HTTP-URIar slik at menneske kan slå opp namna
3. Når nokon hentar informasjon om ein URI, gi nyttig informasjon ved hjelp av standardane (RDF og SPARQL)
4. Inkluder lenker til andre URI-ar slik at fleire ting kan bli oppdaga

DERI ved University of Galway, Irland, har teke Tim Berners-Lee tilrådingar eitt steg lenger og lansert noko dei kallar *Linked Open Data Star Scheme* (til kvar av tilrådingane høyrer det til eksempel, sjekk den oppgitte URL-en i fotnoten):



Figur 7: DERI (Univ. of Galway) [11] enkle tilrådingar for å byggja ut lenka data

Men det er ein illusjon å tru at vi vil bruka dei same namna og referera til dei same definisjonane når vi lagar utsagn av typen over. Kva gjer vi når ulike namn blir brukte om den same tingen? Eksempelet under er eit tenkt eksempel som viser korleis ein kan seia at filmen ”The Lord of the Rings” er den same som ”Ringenes herre”:

Subjekt:	http://dbpedia.org/resource/The_Lord_of_the_Rings
Predikat:	http://www.w3c.org/2002/07/owl#sameAs
Objekt:	http://dbpedia.org/resource/Ringenes_Herre

Her brukar vi OWL-uttrykket (statement) sameAs for å seia at filmen med den engelske tittel ”The Lord of the Rings” er den same som filmen med den norske tittelen ”Ringenes Herre”.
Lenka data byggjer på den generelle web-arkitekturen og kan såleis seiast å vera eit ekstra lag tett samankopla med den klassiske dokument-sentriske web-en. Dei delar mange av dei same eigenskapane:

